

Kyrkjelydsblad for Arna

Nr. 4 - Juni 1980
13. årgang



Misjonærvigsle i Arna 29. mai

Sjå side 6-7

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna.

Redaksjonsnemnd: Målfrid Sandvik, Bjørg Hellesøy, Helge Eide, Sylvi Sæle, Ragnhild Rismyhr, Harald Sundsbø.

Forretningsfører: Bjørg Hellesøy, Fagerhaug 3, 5260 Indre Arna, tlf.: 24 14 47.

Bladpengar: Kr. 15,-. Utanbygds/lands kr. 20,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

ARNA PRESTEGJELD

Prestekontoret Indre Arna: Tlf. 24 04 00.

Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10 - 11.30.

Torsdag kl. 17,30 - 19.00.

Prestekontoret Ytre Arna: Tlf. 24 13 25.

Kan treffes etter avtale

Arna kyrkjelyd sin dagheim: Tlf. 24 12 45.

Adresser:

Sokneprest Øyvind Øy, Vollav. 31, Indre Arna. tlf. 24 02 72 1.

Res.kap. Harald Sundbø, Gamlevegen 8, Ytre Arna, tlf. 241325

Kateket Målfrid Sandvik, Arhaugen 8, Indre Arna, tlf. 24 23 10

Kateket Harald Haugsvær, Lone. Tlf. 24 08 15.

Fung. klokkar Olav K. Hesjedal, Hauge, Haukeland. Tlf. 24 01 17.

Klokkar Per Sæle, Skulev. 8, Ytre Arna. Tlf. 24 13 10.

Organist Paul Leithaug, Birkeveien 47B, Landås

Organist Michael Knuisen, Tyriv. 20, Eidsvåg. Tlf. 25 63 48.

Kyrkjetenar Monrad Ulveseter, Stølsv. 15, Indre Arna.

Tlf. 24 09 65.

Kan treffast på tlf.: 24 09 65 tysdag og torsdag

kl. 17.00-18.00 og onsdag og fredag kl. 10.00-11.00.

Kyrkjetenar Sylvi Sæle, Skulevegen 8, Ytre Arna. Tlf. 241310

Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth,

5260 Indre Arna.

Kontortid måndag - fredag 10-11. tlf. 24 05 69.

Soknerådsformann i Arna, Olav K. Hesjedal, Hauge, Haukeland.

Tlf.: 24 01 17.

Soknerådsformann i Ytre Arna, Per Sæle, Skulev. 8, Ytre Arna.

Tlf. 24 13 10.

Den gode hyrdingen og lammet

Jesu forhold til oss menneske vert i Guds ord skildra med fleire bilete. Eit av dei er Jesus som hyrdingen og me som sauene.

Allt i Det gamle testamentet er det fortalt om dette, at Jesus skal vera den gode hyrdingen. Han har omsut for sauene sine, fører til gode matplassar, finn føde, gjev dei kvileplassar, viser den rette vegen og vaktar dei i fåre. Ja, han løfter dei og må av og til bera dei gjennom vanskar. I hans omsorg er ein trygg.

Hyrdingen går framfor sauene, leier dei. Slik også Jesus og oss. Han finn vegen, går føre, og me skal få fylgja etter. Kan nokon vandring vera tryggare enn vandringa i Jesu fotspor? —Det å vilja gå ein annan veg enn der Jesus viser leia, det er det som eigentleg er farleg for oss menneske. Då kjem me bort frå vegen Jesus vil føra oss på, og bort frå det målet han har sett for oss. I fylgje med Jesus er me trygge, ja berre der er me verkeleg trygge.

«Mine sauer høyrer mi røyst, eg kjenner dei, og dei følgjer meg.

Og eg gjev dei evig liv, dei skal ikkje i all æva gå tapt, og ingen skal riva dei ut or mi hand!»

«Det er trygt å vera Jesu vesle lam.

Han vil lammet bera, Eg vil bli hos han.»

Er Jesus *din* hyrding? Er *du* i hans flokk? Er det *han* som viser deg vegen *du* vandrar?

Bøn:

Takk Jesus fordi du vil vera vår gode hyrding.

Gjev oss eit øyra som høyrer di røyst,

og føter som går den vegen du syner oss.

Takk at me er trygge hos deg.

Amen!

(Les: Jesaja 40,11, Esekiel 34,11 ff, Salme 23, Lukas 15,1 ff, Joh. 10)

Kirsten og Ottar Hope.

Framsida:

Yngste Røyster i Ytre Arna

Ein liten prat med Cecilie

Slik det var tidlegare

Det er alltid gilt å høyra dei eldre fortelja korleis dei hadde det då dei var unge. Vi tok derfor ein tur innom Cecilie Gaupås for å slå av ein prat.

—Du har vel mange rike minne frå du var ung? spør vi.

—Ja, eg kunne fortelja mykje for eg har eit godt minne.

—Du er frå Ytre Arna veit vi. Har du vore her alltid?

—Då eg var 17 år reiste eg til Bergen og eg var der ca 10 år. Der var eg med i ei ungdomsforeining og så arbeidde eg i sundagsskulen i Årstad kyrkje. Eg hadde vore med i sundagsskulearbeid i Ytre Arna frå eg var konfirmert, så det var ikkje heilt nytt for meg.

—Du likar å arbeida med born?

—Å ja, det likar eg svært godt.

—Speidararbeidet var du og med i, kan du fortelja litt?

—I 1930 kom sekretær og misjonær Nikolai Kjær til Ytre Arna og stifta ungdomsforeining. Ut frå den starta speidarjente- ne sitt arbeid. I dette arbeidet har det vore mange rike, gode og festlege opplevingar. Eg kan nemna landsleiren 1932 på Elverum. Der var det med ca. 1500 speidarar frå heile landet, av desse ca. 200 frå Bergen krets. Margrethe Parm, Josefi-

ne Barmann og Agnes Nøstvik var leiarar på leiren. Vi starta ein søndag frå Bergen med Stavangerfjord og kom fram til Oslo tirsdag. Vil du vita kva vi betalte for denne båtturen, vi fekk også maten for denne prisen? Jau, kroner 10 pr. speidar.

De var vel på mange turar?

—Ja det var vi. Ein gong var seniorane og leiarane på tur til Stalheim. Der fekk vi overnatting for kr. 1,- pr. natt. Eg sa dei ikkje måtte setja skoene ut- afor døra til pussing, når vi fekk det så rimeleg. Men eg trur det var to som hadde sett dei der likevel.

—Dei band som vart knytte mellom systre minnes vi m.d takk. Tenkjer på dei fine kvel- dane rundt leirbålet, leiken, arbeidet og ikkje minst bibeltima- ne.

—Så gifta du deg?

—Ja, eg gifta meg med Olai Gaupås i 1942.

— Han var medhjelpar i kyrkja veit vi. Kor mange år var han der?

—I 40 år. Vi hadde det godt saman heile den tida Gud gav oss å få vera ilag. Dei rike opplevingane me hadde som unge er gode minner å ta fram når vi vert eldre.

Vi takkar for praten.

Gudsteneste på bokmål i Arna?

Spørsmålet om å ha Gudstener på bokmål i Arna kyrkje har vore drøfta i lenger tid. Alt i 1975 sette Arna sokneråd ned eit utval som skulle greie ut saka. Nemnda leverte innstillinga si i 1977. Fleirtalet i nemnda gjekk inn for at det skulle vera bokmålsliturgi i Arna kyrkje ein gong i månaden.

I august 1978 vart det halde soknemøte på spørsmålet, men saka vart då utsett. Arna«sokneråd handsama saka på nytt i møte den 21.11.79 og gjorde slikt samrøystes vedtak:

«Etter ei total vurdering går soknerådet i prinsippet inn for innføring av sume bokmåls gudstener i Arna kyrkje. Vi syner i denne samanheng til kongeleg resolusjon av 3. mai 1935. Soknerådet vil seinare koma attende til tidspunktet og andre praktiske spørsmål i samband med iverksettinga av ordninga.»

Saka har så vore oversendt

biskopen i Bjørgvin til uttale og han skriv m.a. «Biskopen har ingen merknader til ovanståande (vedtaket i soknerådet), jfr. rundskriv av 28. mai 1935 frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet til sokneprestane.»

Rundskrivet av 1935 seier m.a.:

«Ved spørsmålet om å benytte liturgien i et annet målføre enn det som er innført i menigheten forutsettes vedkommende prest og menighetsråd å ville treffe sin avgjørelse under hensyntagen til menighetens ønske og således at såvel majoritetens som minoritetens berettigede krav imøtekommes.»

Ettersom denne saka tidlegare har vore handsama i soknemøte, vil soknerådet på nytt legge saka fram for kyrkjelyden på soknemøte som vert tillyst på vanleg måte. Møtet vert etter ferien.

Arna Sokneråd

Tur til Israel i oktober

Som nemnt tidlegare vert det tur til Israel 15.-28. oktober. Turen siktar først og fremst på folk frå kyrkjelydane i Arna. Det er alt ein del som har sagt seg interesserte i å vera med. Men det er naturleg vis høve for folk frå andre stader og å vere med.

Program for turen og nærare opplysningar får ein ved å vende seg til Arna kyrkjekontor, 240400, eller Olav Hesjedal, 240117.

Olav Hesjedal og Øyvind Øy vert reiseleiarar på turen. Påmelding innan 15. august.

Misjonærviggle i Arna 29. juni

Kirsten og Ottar Hope reiser til Bangladesh

Søndag 29. juni er det misjonærviggle i Arna kyrkje. Då skal misjonærpåret Kirsten og Ottar Hope vigslast til teneste for Santalmisjonen. Kirsten og Ottar skal gjere teneste i Bangladesh, nærare bestemt Brahman Bazar på Sylhet-feltet. Men før dei kjem så langt, skal dei i 4 månader opphalda seg i England. Der skal Ottar gjennomgå eit 3-månaders kurs i tropemedisin og eit månads språkkurs. I denne tida skal Kirsten vera med på eit Bibelstudiekurs som varar i 3 månader, samstundes som ho repeterar engelsk kunnskapane sine. Rundt 20. desember bér det heimover til Norge att. Om ikkje noko uforutsett skjer, set dei kursen mot Bangladesh ei veke seinare. Men pr. idag er dette noko uvisst. Familien Hope har hatt visse visum-problem, noko som både vi og dei vonar rettar seg så snart som mogeleg. Her er ei oppgåve for dei mange forbedarane i Arna.

—Kva slags bakgrunn har de?

—Eg har i tillegg til folkeskule tatt lærarskule og 3 månader Bibelskule, svarar Kirsten, som fortset: —Eg har m.a. jobba som lærar på Lone skule. Mht. kristne miljø, var eg før med i sundagsskulearbeidet på

Nesttun. Seinare kom eg med i lagsarbeidet på Fana Gymnas, og på lærarskulen. I dei siste åra har eg vore med i Betania, både i ungdomskoret og musikkoret.

Ottar svara at han har studert medisin og gått eit år musikkline på Bibelskulen. Han har vore lege i 5 år no. I kristen samanheng har han heile livet vore å finna på Betania. Musikkutdanninga hans har kome godt med den tida han har leia Betania Musikkor. I likskap med Kirsten har han og vore involvert i lagsarbeid på lærarskulen.

—Kvifor valde de Santalmisjonen som «arbeidsgjevar»?

Ottar grip ordet før Kirsten får tid til å svara, og fortel: —Det falt seg heilt naturleg for oss. Eg har i lengre tid fylgt Santalmisjonen sine arbeidrar i forbøn, og alt ifrå ungdomsåra har eg vore fast deltakar på Santalmisjonen sine leirar. Kirsten arbeida i si tid som kristen-russ for eit prosjekt satt i gang av Santalmisjonen. Vi føler oss begge knytt til Santalmisjonen, så då oppgåva dukka fram, fekk vi gleder av å seia ja.

—Kva gjorde at de valgte å reisa ut som misionærar?

—Vi fant ut at det var Guds plan med livet vårt. Tenesta i Guds rike er jo alltid ei hovu-



Frå v. Jostein, Kirsten, Marit Kristin, Ottar og Kjetil Hope.

doppgåve, så då Gud viste oss kva me skulle gjera, ville vi vera lydige mot Han. Ei oppgåve som er like viktig som misjonstenesta, er forbønstenesta. Spesielt 2. Mos. 17 understrekar dette. Der kan vi sjå at det var forbedaren som førte hærmennene fram til siger. Slik er det for misjonæranne og. Det er forbedaren som bér oss fram. Utan dei hadde misjon ikkje nytta.

—Kva oppgåve skal de ta fatt på?

Ottar: —Eg skal vera med på eit helseprosjekt Santalmisjonen har starta. Det går kort og greitt ut på å læra dei innfødde opp i forebyggjande medisin, t.d. personleg hygiene, korleis dei skal bevara helsa si betre. Grunna dette prosjektet finn vi mange unge norske familiar, og einslege i Bangladesh. (På misjonsskulen for noske born, går det 5 born mellom 7 og 10 år.)

Kirsten: —Eg veit ikkje heilt kva eg skal gjera. Gud får visa

meg kva oppgåver eg skal ta på meg. I alle fall skal eg skapa ein kristen heim, og driva evangelisering blandt dei innfødde kvinnene.

—Ventar de å få noko utbytte av desse oppgåvene?

—For ein kristen er det nok å vita at ein er på plassen Gud vil ha oss, svarar Ottar momentant. —Det er ei stor oppleving å oppdaga at Gud har bruk for oss, både i indre og ytre misjon. —Å få lov til å vera til velsigning for andre er vel noko av det største ein kristen får oppleve, fell Kirsten inn. Men Ottar fortset ufortrødent vidare: —Noko som spesielt har talt til meg er Joh.10. Det er så godt å vita at Jesus går føre oss, forbereder tenesta vår, og bevarer oss i den.


—Til slutt, korleis trur de bor na dykkar kjem til å ta det når dei vert rykka bort frå heimen sin i Norge, og plassert i Bangladesh?

Framhald s. 10

BARNESIDA

Vi brukar Bibelen:

Slå opp bibelstadene, og finn dei orda som manglar!



Jesus lærte læresveinane å... (Luk.11,1)

Herren Jesus... (Rom.1,7)

«Lat ... koma til meg» (Luk.18,16)

Pris..., for han er god (Salme 118.1)

I han har vi ... for syndene (Ef.1,7)

Jesus er ... (Joh.14,6)

Jesus er ... (Joh.14,6)

Jesus er ... (Joh.14,6)

Jesus er den gode... (Joh.10,11)

Jesus er ... for verda (Joh.8,12)

...så skal du få (Matt.7,7)

Dei som ... på Jesus, har evig liv (Joh.3,16)

Vi ber: «Fader ...» (Matt.6,9)

Jesus kom for å ... oss (Joh.3,16)

«Eg er med dykk alle ...» (Matt.28,20)

YNGSTE RØSTER i Ytre Arna starta i januar 1978, og sidan har dei hatt regelmessige øvingar annankvar fredag. Medlemstalet ligg på rundt 100, med eit fram-møte på 50-70 dei fleste øvingane.

Det er no starta opp eit «mellomrøstekor» også, som har fått namnet «Glad Sang» Dette er for 5. klasse og oppover. Dei same alders-gruppene har også tilbod om «Yngstes»-lag og «Yngres»-lag. Så om du ikkje alt er med i noko av dette, så tenk over om ikkje her er noko for DEG også.

Familieside



Døypte:

13.4.-80

Trine Kjerstin Træen.

20.4.:

Charlotte Askeland.

26.4.:

Robert Flatås, Jon Ivar Djonne, Kenneth Berentzen, Rune Olsen, Thomas Seilen, Thomas Mørk, Renate Hisdal, Kjersti Hansen, Agnethe Bjørnstad.

27.4.:

Jørgen Bernes.

9.5.:

Hege Waage, døypt i Mariakirken.

15.4.:

Kristine Bruvik, Chris-André Grimstad, Thomas Kvamme.

18.5.:

Andreas Lebesby. Døypt i Østenstad Kirke.

25.5.: Erlend Ulltang, Nina Tunestveit, Nina Ølstad.

26.5.:

Silje Ringås.

Vigde:

12.4.:

Terje Vassdal og Liv Helene Willumsen.

Gunnar Unneland og Marianne Borge.

Tore Mælen og Mariann Sivertsen. (Vigde i Voss kirke)

26.4.:

Jan Erik Johansen og Irene Misje. (Vigde i Landås kirke)

2.5.:

Bendik og Reidun Leiknes.

24.5.:

Jon Arne Henriksen og Elin Margrethe Kristine Espe. Vigde i Hamre kirke.

31.5.:

Henning Jarle Søilen og Britt Nesse.

Døde:

25.4.: Johan Martin Takvam f. 1908.

4.5.: Nils Martin Ebbesvik f. 1895.

6.5.: Jacobine Margrethe Herland f. 1902.

8.5.: Ole Mjelde f. 1910.

9.5.: Gunnar Borge f. 1960.

15.5.: Theodor Skulstad f. 1910.

22.5.: Nils Olaf Knutsen f. 1897.

Framhald: Fam. Hope

Løysinga på dette problemet overlet Ottar til Kirsten, og ho svarar: —Eg trur dei er så små at dei ikkje opplever dette så enormt. Framleis er dei bundne meir til heimen og foreldra sine, så overflyttinga verkar ikkje så stor. Verre vert det nok når dei kjem tilbake. Men her er endå ei forbønsoppgåve. Mange gløymer misjonærborna når dei ber. Be om at Gud må bevare dei, og hjelpa dei når dei kjem så langt frå heimlandet.

Aller sist vil Kirsten og Ottar opplysa at no når dei reiser til England, manglar dei nokon som kan ta over leiinga av barnelaget deira. Det er eit barnelag for born mellom 3 og 8 år, men dei har tatt inn born opp til 6. klasse. —Det er jo galt å avvisa når dei bed om å få koma inn, som Kirsten seier. Borna har vore samla til barnemøte kvar tirsdag hos Kirsten og Ottar, omlag 30 stk. —Om nokon kunne ta over leiinga, ville dei gjera oss ei stor teneste.

Hermed er denne apellen om misjonsteneste i vårt eige land gått ut!

Med dette vil vi takka Kirsten og Ottar for tida vi har hatt dei i Arna, og ynskje dei all lukke på misjonsmarka.

Ferie for prestane

Res.kap. Sundsbø har ferie frå 23.6. - 14.7. og frå 13.8. - 19.8.

Sokneprest Øy har ferie frå 15.7. - 12.8.

Presten har ordet



Res. kap. Harald Sundsbø

Besøk hjå eldre og sjuke

Ikkje alle har høve til å koma til kyrkje sjølve. Rundt i bygdene er det kanskje mange som gjerne ynskjer å snakka med ein prest eller å få nattverd heime. Og kanskje sit nokon og ventar og vonar at presten ein dag skal koma av seg sjølv.

Om ein berre sit og ventar, vil ein aknskje måtta venta lenge. Vi er no 2 prestar som ikkje har vore her så lenge, og difor veit vi heller ikkje om dei vil vi skal koma.

Difor er det fint om dei som vil ha besøk seier frå til oss om det.

—Men prestane har vel så mykje å gjera, me kan vel ikkje spørja dei om det? Ikkje skjeldan høyrer eg nokon seia det.

Å besøkja eldre og sjuke er ikkje den minst viktige sida ved presten sitt arbeid. Det kan vera andre ting som kan leggjast til side før. Og difor må ein gjerne spørja. Og me er glade for å få slike spørsmål.

Arna Kyrkjekor



hadde nyleg ein sær sars vellukka og ugløymande dagstur til Osterøy, for kormedlemene og familiar. Koret deltok fyrst ved høgmesse i Gjerstad, og etter ein velsmakande fleire-rettars middag, med dertil kaker og kaffi på Hauge, la ein så friskt iveg vidare til Hamreplass.

Mange møtte fram til konserten i den omlag 350 år gamle Hamrekyrkja, — eit av dei mest særmeke kyrkjehus på Vestlandet. Koret song her tre avdelingar, og det var innslag av solistar frå koret eigne rekjer.

Alt i alt ein fin tur med mange rike opplevingar for alle som var med. Til slutt ei varm takk til sjefskokkane Gunnar Ødegård og Berit Ljones, samt til Suppeindustrien i Arna, for stor og heilhjarta innsats.

ref.

St-Hans fest ved Osavatnet

Betania Y.A. har også i år St.Hansfest ved Osavatnet. På programmet står andakt og song og leikar rundt bålet. Vi ynskjer alle som vil feira St.Hans i godt og hyggeleg samver hjarteleg velkommen til Osavatnet St.Hans kl. 19.30.

Betania Y.A.


Kvitveis og misjon



På biletet: Bjørn Inge og Jo-stein Storsæter, Arve Lillefosse og Helge Ragnvald Solberg.

På Arnatveit var det 4 gitar som gjorde sin innsats for misjonen på ein ny måte. Dei var på veg til barnemøte hjå Ottar og Kirsten Hope, men då måtet var avlyst drog dei til skogs og plukka kvitveis. Kvitveisen og ei misjonsbøsse tok dei med seg og gjekk rundt til naboane. Resultatet vart kr. 83,- til misjonsarbeidet.

Stål- dekket



VIKING

norske dekk for norske forhold

- Stål i beltet
- Bedre veigrep
- Motarbeider vannplaning
- Styrer sikkert
- Ruller lett
- Varer lenger
- Sparer bensin

Velkommen til:

Arnatveit Auto Senter

5260 Indre Arna
Tlf. 24 07 40




Selges kun gjennom
godkjente forhandlere



BANKEN I ARNA

frå 1866

*til bygdefolket sitt beste
gjennom 114 år*



ARNA SPAREBANK

Samanslutta med Bergens Sparebank

ein bank av godt merke

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4. tlf. 23 20 50

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11. tlf. 23 20 50

Alltid til tjeneste



VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk,
der alle kundar, store som små,
er hjarteleg velkomne.

VESTLANDSBANKEN, avd. Arna

ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss
De også. Vi gir god service.

KVERSØY BILFORRETNING

ESPELAND

Telefon 24 00 17 — 24 08 45

I MIN FORRETNING
finn De gaver til bryllup, konfirmasjon
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 24 04 96

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 24 08 08
Begravelser og bisettelser ordnes
Transport med egen bil
Annonser, sanger, sløyfer
Monumenter besørages oppsatt

ESPELAND GARTNERI

Telefon 24 08 09
Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi



— Assurandør —

OLAV A. HOVDEN

Er autorisert rådgiver i forsikring.
Han hjelper Dem med alt innen for-
sikring, finansiering, og leasing.
Ring, stikk innom eller send noen ord

Storebrand  **Idun**
for sikkerhets skyld

Postboks 17 5260 Indre Arna
Telefon 241532 — Privat 280811

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning
Hugs at vi har laveste pris,
og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 24 11 88

Arnatveit — telefon 24 19 70

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger

EL-KJØP

Blomar til alle høve!

Vår spesialitet er dekorasjonsplanter

GARNES GARTNERI

Telfon 24 01 01 — Garnes.
Utsal: Espeland — Tlf. 24 17 27.

Velkommen til kyrkje

GUDSTENESTER I ARNA PRESTEGJELD

22. juni Arna kl. 11, prost Stormark, Nattverd.
Ytre Arna kl. 11, sokneprest Øy.
Offer til Den Norske Muhamedanermisjon.
29. juni Arna kl. 11, sokneprest Øy og misjonsprest Selle.
Misjonærvigle.
Offer til Santalmisjonen.
6. juli Ytre Arna kl. 11, sokneprest Øy, Nattverd.
Trøngereid kapell kl. 18, sokneprest Øy, Nattverd.
13. juli Arna kl. 11, sokneprest Øy, Nattverd.
20. juli Ytre Arna kl. 11, res.kap. Sundsbø og Kåre Nyhamn.
Offer til Muslimmisjonen.
27. juli Arna kl. 11, res.kap. Sundsbø.
Offer til Diakoniforbundet.
28. juli Arna kl. 19.30, Res.kap. Sundsbø, Olsokmesse, Nattverd.
Anne Fiskeseth Larsen, sopran.
Dagfinn Garnes Johnsen, trompet.
3. aug. Arna kl. 11, res.kap. Sundsbø, Nattverd.
Ytre Arna kl. 19.30, res.kap. Sundsbø, Nattverd.
Offer til Israelmisjonen.
10. aug. Arna kl. 11, res.kap. Sundsbø.
Offer til Kristeleg Kringkastingslag.
Trøngereid Kapell kl. 18, res.kap. Sundsbø.
17. aug. Arna kl. 11, Lekmannagudsteneste.
Ytre Arna kl. 11, sokneprest Øy.
24. aug. Arna kl. 11, sokneprest Øy, Familiegudsteneste.
Offer til Bibelskolen.
Ytre Arna kl. 11, Res.kap. Sundsbø, Nattverd, Offer til Blå kors.
31. aug. Arna kl. 11, Res.kap. Sundsbø og Kåre Nyhamn.
Offer til Muslimmisjonen, Barnevakt.
Arna kl. 20, Orgelkonsert v/ Halvor Jon Østveit, Resita-
sjon, Frå Johs bok v/ sokneprest Henning Langeland.
Ytre Arna kl. 11, sokneprest Øy, Familiegudsteneste.
7. sept. Arna kl. 11, sokneprest Øy, Nattverd, Barnevakt.
Kyrkjelydstur.
14. sept. Arna kl. 11, sokneprest Øy, Konfirmantpresentasjon.
Offer til Menighetsakuffetet, Barnevakt.
Ytre Arna kl. 11, res.kap. Sundsbø, Konfirmantpresenta-
sjon, Offer til Institutt for kristen oppseding.